

Saksbehandlar: Jon Tvilde
Sak nr.: 20/4235-3

Årsmøte Sogndal frivilligsentral

Kommunalsjefen rår komité for samfunnsutvikling til å gje slik tilråding til formannskapet:

1. Formannskapet godkjenner årsmelding 2019 og tek aktivitetsplan 2020 for Sogndal Frivilligsentral til orientering.
2. Val av leiar kjem opp i eige sak som omhandlar organisering av- og nye vedtekter for frivilligsentralane.

Vedlegg:

Årsmelding 2019
Årsplan 2020
Vedtekter

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Vedteken «Reglement for politisk organisering Sogndal kommune» seier ikkje noko om styring av kommunen sine to frivilligsentralar. Av den grunn vert denne saka, årsmøte for Sogndal frivilligsentral, fremja med grunnlag i gjeldande vedtekter for Sogndal frivilligsentral. Val av leiar vert fremja saman med eige sak, som omhandlar organisering av- og nye vedtekter for frivilligsentralane.

Formannskapet utgjer årsmøtet, og er sentralen sitt øvste organ. Saker som skal handsamst i følge vedtektene er:

- a) Godkjenning av rekneskap.
Denne saka inngår i handsaminga av rekneskapen for gamle Sogndal kommune
- b) Årsmelding
- c) Årsplan
- d) Budsjett
Budsjett vart vedteke når budsjett for nye Sogndal kommune vart vedteke av kommunestyret
- e) Val av leiar for 1 år av gongen
- f) Andre saker (t.d. vedtektsendring).

På den bakgrunn vert formannskapet 14. mai invitert til å handsame:

- a) Årsmelding
Årsmeldinga følgjer som vedlegg
- b) Årsplan
Årsplan følgjer som vedlegg

Årsmelding

Det vert synt til årsmelding 2019 vedlagt. Dette er styret si årsmelding.

I det følgjande kjem eit samandrag av årsmeldinga. Ei årsak til dette er å syne breidda i aktiviteten, og at denne er lokalt forankra.

- Sentralen har vore i drift sidan 1991. I 2004 vart sentralen ei stifting. I 2010 tok Sogndal kommune over som eigar og endra namn til Sogndal Frivilligsentral.

- I mai 2019 flytta Sogndal Frivilligsentral til «Frivillighuset» i Fjørevegen 17, tidlegare Loftesnes Pensjonat og China House. Huset er no eigd av Sogndal kommune, med drift i fire etasjar, der frivilligsentralen held til i 1. høgda og deler av kjellaren.
- Styret er samansett slik: Ein politisk vald representant for den politiske valperioden. Ein styrerepresentant er peika ut av rådmannen og tre representantar er valde frå det årlege kontaktmøte*. Styret har hatt slik samansetting:

| <u>MEDLEM</u> | <u>VARAMEDLEM</u> | <u>VAL</u> | <u>PERIODE</u> |
|------------------------|---------------------|---------------|-----------------------------------|
| Vibeke Johnsen | Magne B. Selseng | Kommunestyret | Valperioden 2015-2019 |
| Emil Ulvin Davidsen | Anita Foss Midlang | Rådmannen | 2018-2019 |
| Mai-Evy Bakken (leiar) | Liv Anny H. Barsnes | Kontaktmøtet | 2018-2020 Til kontaktmøte 2020 |
| Gaute Olstad | Olaug Marie Bjelde | Kontaktmøtet | 2017-2019 Til kontaktmøte 2019 |
| Bjørn Skjeldestad | Yvonne Nshimirimana | Kontaktmøtet | 2017-2019 Til kontaktmøte 2019 |

- Det er tilsett dagleg leiar for frivilligsentralen i 100 % stilling. Sogndal kommune har arbeidsgjevaransvaret.
- *Kontaktmøte
Før årsmøtet skal det haldast eit breitt og ope kontaktmøte med frivillige lag og organisasjonar, institusjonar og andre interesserte i regi av frivilligsentralen. Møtet skal ta opp idear og meiningar som til ei kvar tid er aktuelle, og skal vere ein myldreplass på tvers av grensene i lokalmiljøet. Kontaktmøtet vel tre representantar til styret.

Stikkord frå aktiviteten i 2019:

- **Frivilligsentralen** har registrert om lag 420 personar som frivillige medarbeidarar. Mange deltek i fleire av aktivitetane. Det er utført i overkant av 5000 timar frivillig arbeid, noko som tilsvarar om lag 3 årsverk. Tal registrerte frivillige og tal timar er noko høgare enn i 2018.
- I tillegg til ulike aktivitetar som er lista opp nedunder, har mange personar brukt mykje tid på Frivillighuset og Frivilligdagen.
- **Nattugleprosjektet:** Dette er eit tilbod der vaksne er ute på kveld og natt og gjennom sitt nærvær skapar eit tryggare gatemiljø. 55 kveldar har nattuglene vore ute, mest laurdagar og nokre onsdagar gjennom skuleåret. 190 frivillige har stilt opp, og arbeidd over 1500 timar.
- **Ein til ein hjelp:** 42 frivillige har levert 154 timar i form av hjelp til praktiske oppgåver for eldre, uføre og andre som treng hjelp i kvardagen.
- **Samling i kantina på Sogndal helse- og omsorgssenter(SHOS):** Det har vore 23 samlingar for eldre, utført av 10 frivillige med til saman 483 timar.
- **Matlevering:** 7 frivillige har kvar dag i 2019 køyrt ut mat frå SHOS. Talet brukarar varierer ifrå 10 til 40 heimebuande eldre.
- **Den årlege eldredagen 29. september** vart arrangert med 100 deltakarar organisert av 12 frivillige.
- 15 brukarar fekk utkøyr **strøsand** i regi av 6 frivillige organisert frå Sogndal Lions Club.
- **Ut på tur med rullestol,** kvar onsdag i juni, juli og august får frå 5 til 20 brukarar som treng rullestol. tilbod om å koma seg ut.
- **Dugnad Sogndal:** Ulike hjelpeaktivetar vart utført av 80 til 100 elevar frå Sogndal Folkehøgskule. Etter annonsering kan dei som treng «ei hjelpande hand» melde seg. Elevane utførte oppgåver både for private, for omsorgssenteret, på gardsbruk m.m.
- **Lærekøyring med bil** – dette er ei ordning der frivillige stiller opp som sjåførlærarar, særskilt er det mange nye innbyggjarar som har gjort landbyte, som får tilbodet. Dei som ynskjer denne hjelpa, må sjølv disponera eller låne seg bil til formålet. Mange deltakarar har inga eller liten kjennskap til bilkøyring, av dei som får denne viktige hjelpa.

- **Sykkelpilot** - Sogndal Frivilligsentral fekk i 2019 kommunale midlar til innkjøp av ein elektrisk passasjersykkel. Denne kom på plass på hausten. Nokre frivillige har fått opplæring som sykkel-pilotar, som så fekk starta opp eit tilbod på fine haustdagar for nokre bebuarar på SHOS.
- **Sognahelg** og **Frivilligdagen** er dagen/helga der Sogndal sine lag og organisasjonar syner fram sitt arbeid. I sentrumsparken får dei tilgang til scene og profesjonell lyd, der unge og eldre talent stiller med underhaldning. Frivillige lag og organisasjonar presenterer seg òg med standsbord i parken.
- **Frivilligprisen**, som vert delt ut på Frivilligdagen, gjekk i 2019 til Grete Fischer, for sitt omfattande frivillige engasjement.

Aktivitetsplan

Styret sin aktivitetsplan for 2020 følgjer som vedlegg. Innhaldet er i hovudsak den same som er gjennomgått i årsmeldinga. Formannskapet vert tilrådd å ta denne til orientering.

3. Vurderingar og konsekvensar

Det er eit imponerande og variert frivillig arbeid som vert lagt ned. Eit arbeid som er utvikla i nært samarbeid med ulike lag og einskildpersonar. Eit aktivt styre er og avgjerande.

Desse momenta syner det er viktig at kvar frivilligsentral har sitt eige og breitt samansette styre som i dag, eller råd, slik det vert fremja i den nye ordninga.